

UTLYSING AV URO-MIDDEL 2018

Søknadsfrist 1. februar

URO gir tilskot til produksjon av kunstprosjekt som utforskar dei ulike uttrykka og ytringane til samtidskunsten i offentlege rom. Tilskotsordninga skal styrke mangfaldet av kunstprosjekt, kunstaktørar og produksjonsformer i det offentlege rommet. Ein skal gi rom for kunstprosjekt med ulik varigheit. Kunstproduksjon av eksperimentell og utforskande karakter blir vektlagt, det blir også prosjekt som er tilgjengelege for alle. Ein kan gi tilskot til fagleg utviklingsarbeid innanfor feltet kunst og offentlegheit.

KORO vil i 2018 prioritere kunstprosjekt som:

- kastar lys over samanhengen mellom kunst og offentlegheit
- undersøker forholdet mellom estetikk, etikk og kontekst
- har ei tverrfagleg samarbeidsform
- bidrar til internasjonal utveksling

Kunstprosjekt som nyttar det offentlege rommet som arena for diskusjon rundt yringsfridom og aktuelle nasjonale og globale utfordringar for demokratiet, blir vurdert med særskilt interesse.

I vurderinga av søknadene blir det vektlagt høg kunstfagleg kvalitet, kunstnarisk, kulturelt og geografisk mangfald og produksjonsformer som involverer fleire samarbeidspartnarar og publikumsgrupper

URO kan fungere som rådgivande partner, samprodusent og produsent. Tildelings- og gjennomføringsmodell varierer avhengig av intensjonen til søkaren, typen kunstprosjekt og samarbeidande instansar, men skal følgje dei utfyllande avgjerdene til URO.